

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	26.08.2022
Vår referanse	2022/66990-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Berit Vik
E-post	Berit.Vik@vlfk.no
Telefon	41321036

Kulturminnefagleg fråsegn - detaljregulering - Snekkevika - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv, har vurdert saka som regional kulturmiljømynde. Vi ser at våre innspel tidlegare i prosessen, der vi særleg har vore opptekne av omsynet til dei automatisk freda steinalderlokalitetane, er tilfredsstillande ivareteke i plankart og føresegner. Bandleggingssone og omsynssone er lagt inn i plankartet for å sikre at nye tiltak ikkje kjem i konflikt med desse. Talet på hytter er redusert, slik vi ynskte, mellom anna for å sikre tilstrekkeleg areal rundt omsynssonene.

Når det gjeld kulturminne frå nyare tid så finn ein i planområdet ein stemmegard og restane av eit kvernhus, samt to nausttuffer. Desse skal bevarast som historieforteljande element. Vi har også vore opptekne av tiltaket sin nær- og fjernverknad når det gjeld arkitektonisk utforming og verknad i landskapet. Tiltaket ligg innanfor omsynssonen den Indre farleia, eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Det å redusere den negativ fjernverknad frå sjøsida har vore eit viktig moment i prosessen. Vi ber om at ein i § 3.1. i føresegnene også legg til eit punkt som går på korleis lyssetting av bygg og eventuell infrastruktur skal utformast då dette har svært mykje å seie for fjernverknaden av tiltaket frå sjøsida.

Når det gjeld utforminga av naustrekka i BUN 6 så meiner vi at slik denne er illustrert vil danne ei negativ og bastant barriere i landskapet. Denne harmonerer ikkje med omkringliggande landskap og bygningsmasse. Ein må søke å få til ei oppsplitting av volum, slik at ein får rom for passasjar innimellom einingane. Utnyttingsgrada, både i høgde og areal, er etter vår oppfatning for stor.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saken.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Berit Vik
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift